

639

7



NILS TVEIT

MEIERIBRUKET I HORDALAND



UTGJEVE AV:

BERGENSMEIERIET, VESTLANDSKE MJØLKESENTRAL,
HARDANGER MEIERILAG

Meieritanken fengde ogso i bygdene lenger ute ved Hardangerfjorden. I *Uskedal* i *Kvinnherad* kom bøndene saman um hausten 1890 for å dryfta meierispursmålet, og den 2. desember same året vart *Uskedalens meieri* skipa med 36 lagsmenn. *Torgeir Myklebust* vart formann i laget, og dei andre styresmenn vart *Torgeir Døssland*, *Sjur Myklebust*, *Kristen Døssland* og *Bertel Myklebust*.

Likeins som dei andre meierilagi i Hardanger, vart meieriet skipa for ysting og smørlaging. Då det leid so langt på året fyrr laget vart skipa, kom ikkje drifti igang fyrr året etter.

I *Midhordland* fengde meieritanken fyrst i *Samnanger*. *Nils Nytveit* gjorde upptaket her, og *Tveit meieri* vart skipa med 13 lagsmenn um hausten 1890. *Nils Nytveit* vart fyrste formann i laget. Meieriet vart skipa som smørmeieri, men det tok ogso til med ysting av gamallost.

Tveit meieri var det fyrste av dei 7 små grendemeieri, som på stuttare tid enn fem år vart skipa i Samnanger. Meieriet kom ikkje i drift fyrr i 1891.

Ogso i *Nordhordland* vakna bøndene og gjekk til samarbeid. Skipingi av *Seimstrand meieri* i 1884 sette kveik i grannebygdene, og fleire stader tok interesserte menn upp meierispursmålet. I hovudsokni *Alversund* fann bøndene at dei burde ikkje vera kleinare karar enn seimsokningane, og i 1888 vart *Alversund meieri* skipa med ikring 30 lagsmenn. *Paktar Revheim* vart formann i laget.

Meieriet vart skipa for mjølkesal likeins som *Seimstrand meieri*, og det opna straks eit mjølkeutsal i *Bergen*. Det gjekk ikkje serleg godt, meieriet hadde for lite mjølk til utsalet, og det vart for store driftsutlogor. Laget leigde difor i 1889 meieriet burt til *Lars Nese*, som sende mjølki til eit anna mjølkeutsal i *Bergen*, og denne skipnaden stod ved lag nokre år. Lagsmennene fekk i desse åri vanleg 9—10 øre literen for mjølki.

I 1890 vart ogso *Vallevik meieri* skipa. Det vart i røyndi sett igang som ein mottakarstasjon for *Seimstrand meieri*, og det var årsmøtet i *Seimstrand* som den 28. februar 1890 vedtok å byggja ein stasjon på *Vallevik*. Stasjonen kom i drift frå nyttår 1892, og mjølki vart send til *Bergen* saman med mjølki frå *Seimstrand meieri*. Dette vara i meir enn 30 år, og fyrst i 1923 vart *Vallevik stasjon* skild ut som eige og sjølvstendig meieri.



Lars O. Fosse.
Fyrste formann i Strande-
barm meieri.



Torgeir O. Myklebust.
Fyrste formann i Uskedal meieri,
Kviinherad.

Ved utgangen av 1890 var det skipa 17 meieri eller stasjonar i Hordaland, men berre 11 av dei var komne i drift. Fleire av desse vart av dei største og likaste meieri i fylket, og det var ei ageleg byrjing.

Dei meieri som vart skipa for mjølkesal trong ikkje mykje maskinor eller andre meierigreidor. Verre var det for dei som måtte ha rom og fullt utstyr for smørlaging og ysting av fleire slag ost. Rett nok var det heile svært einfeld og primitivt i byrjingi, og serleg var det slik i dei mange småmeieri som vart skipa i 1890 åri.

Me har eit godt døme på korleis eit lite meieri i Hordaland vart tilskipa, når me fylgjer framvokstren av *Steinsdalen* meieri, som me, takk vere formannen i Hardanger meierilag, *Mikjell Steine*, har full greida på.

Laget leigde ei stova på ein høveleg stad i grendi til meierihus. Huset hadde lem over halve stova, eit lite kammers attåt på eine sida og ein gråsteinskjellar under. Det vart kjøpt ei gamall stova til, og ho vart bygd attåt den andre slik, at meieriet ogso fekk ysterom. Ein stor skorstein vart mura upp av gråstein midt i stova, og det vart skipa til ein eldstad for eit par av dei største ystekjelane

og meieriet brann upp med maskinor, utstyr, bøker og alt. Då det seinare vart uråd å byggja nytt meierihus, leigde laget ei liti barakk for innmæling av mjølki, som no vert send til *Hordaland ysteri* på *Voss*.

Då alle bøker brann upp i 1940, har me ikkje tali for den røynglege innmæling eller utbetaling gjennom åri. Etter det som ligg fyre kann ein tru at innmælingi var ikring 200 000 liter um året i den fyrste tidi og auka etterkvart til 330 000 liter. I 1905 tok meieriet mot 280 000 liter mjølk. Tilførsla gjekk nedover i krisetidi 1915—20, men auka so att, og i 1930 tok meieriet mot 310 000 liter. I 1935 var innmælingi 338 000 liter, og i 1939, då meieriet hadde heilårsdrift, tok det mot 470 000 liter mjølk. I krigsåri, då bøndene i Ulvik måtte flytja frå gardane ein sumar og fekk liti avling, gjekk innmælingi ned til umlag 100 000 liter, men ho auka på att, og i 1946 leverte bøndene 300 000 liter mjølk. I alt har meieriet teke mot umlag 14 mill. liter mjølk og betalt ikring 2¹/₂ mill. kroner for mjølki til lagsmennene.

Lars Skeie var meieristyrar og seinare paktar i nær 20 år og *Olav J. Øystese* har vore meieristyrar i over 20 år. *Gjert Lindebrække* var styreformann i 15 år.

Styresmenn no er *S. M. Rondestveit*, formann, *Sjur S. Sponheim*, *Nils R. Lekve*, *R. Espelid* og *Gudmund Flæten*.

Post-, telefon- og vareadr. er *Ulvik*.

USKEDAL MEIERI, KVINNHERAD,

vart skipa 2. desember 1890 med 36 innskrivne lagsmenn og byrja verksemd i 4. februar 1891 kl. 7 morgon. På eit møte 8. november 1890 vart det sett ei arbeidsnemnd til å arbeida med meierisaki, og etter framlegg frå denne nemndi vart meieriet skipa.

Fyrste styre var *Torgeir Myklebust*, formann, *Torgeir Døssland*, *Sjur Myklebust*, *Kristen Døssland* og *Bertel Myklebust*.

Meieriet vart skipa for smørlaging og ysting av gamallost. Smøret vart for det meste sendt til *England*. Utbetalingi vart fastsett til 8 øre literen for mjølki, men i lengdi vart dette for mykje og utbetalingi gjekk nedover.

Laget leigde rom åt meieriet hjå *Peder B. Myklebust*, som ogso var reknskapsfører. I 1895 gjorde laget vedtak um å byggja eige

hus, og det vart sett ei byggjenemnd til å greida med arbeidet. Meieriet hadde då 51 lagsmenn.

Det vart ingi husbyggjing av i 1895, og året etter kom laget i vandskar. Smørprisane var låge, utbetalingi minka sterkt, og lagsmennene gjekk frå. Styret gav upp, og på umfram årsmøte 14. november 1896 vart det vedteke å stogga meieridrifti og løysa laget upp.

I dei 6 driftsåri tok laget mot umlag $\frac{1}{2}$ mill. liter mjølk og det betalte bøndene burtimot 40 000 kroner for mjølki.

USKEDAL MJØLKELAG, KVINNHERAD,

vart skipa som sjølvstendugt lag 21. juli 1931 med 36 innskrivne lagsmenn, og heldt fram med verksemdi. Det hadde i røyndi då vore i verksemd frå mai 1924.

Fyrste styre vart *A. T. Myklebust*, formann, *A. Feet*, *Thor Myklebust*, *Lars P. Haugland* og *Helge Feet*.

Etter at *Uskedal meieri* stogga drifti i 1896 var bøndene i Uskedal gjengne attende til si gamle drift med smørlaging i heimane og smørsal til handelsmennene. I mai 1924 gjorde ikring 20 av desse bøndene ei semja med handelsmann *Bernh. Dønhaug* um mjølkelevering til han for vidare sending til *Kvinnheradfjorden meieri*, og han sende mjølki frå seg som «mjølk frå Uskedal mjølkelag».

Då *Dønhaug* slutta med handelen i 1927, gjekk bøndene etter upptak av *Lars P. Haugland* saman og skipa *Uskedal samyrkelag*, og frå november 1927 vart det mottakar av mjølki. Samyrkelaget kjøpte ogso kjøleverket av *Bernh. Dønhaug*. Ved skiping av samyrkelaget var det i røyndi ogso skipa eit mjølkelag, men dette var stjorna av samyrkelaget tildess det vart sjølvstendugt lag med eige styre i 1931. Frå 1927 til 1931 vart mjølki send til *Kvinnheradfjorden meierilag* som fyrr.

Mjølkelaget vart skipa for mjølkesal, og frå 1931 til 1935 gjekk mjølki til *Hordaland meieri*. I 1940 vart det gjort semja um sal til *Bergens meieribolag*, og frå nyttår 1941 vart *Bergensmeieriet* mottakar av mjølki.

Laget bygde hus i 1936, og samyrkelaget nyttar noko av huset. Eigedomen er trygda for 18 000 kroner. Laget er nokre tusund kroner i skuld, men har lagt upp ein umlag like stor driftsmedel.

Frå 1931 er mjølki betalt etter feittinnhaldet, og feittprosenten har auka frå 3,60 i 1935 til 3,80 i 1943.

Frå 1927 til 1931 var innmælingi 50—60 000 liter mjølk um året, og fyrste driftsåret etter nyskipingi i 1931 tok meieriet mot 63 000 liter mjølk frå 36 lagsmenn. Tilførsla gjekk oppover til 155 600 liter i 1935 og nådde høgdi med 252 100 liter frå 56 lagsmenn i 1939. Innmælingi minka i krigsåri til 60 000 liter, men auka att til 172 100 liter i 1946. Frå 1929 til 1946 har Uskedal mjølkkelag teke mot 1 966 012 liter mjølk og betalt lagsmennene 380 742 kroner. Den samla levering frå krinsen etter 1924 vert soleis ikring 2¼ mill. liter mjølk, og for det har høndene fenge umlag 425 000 kroner.

Styresmenn no er *Abel Eik*, formann, *Lars Feet*, *Sigvald Eik*, *Olav Myklebust* og *Torgeir Døssland*.

Post-, telefon- og vareadr. er *Uskedal*.

VAKSDAL MEIERI, BRUVIK,

vart skipa 27. november 1892 med 18 innskrivne lagsmenn etter upptak av *A. O. Sæterdal* m. fl. og byrja verksemd i 2. januar 1893.

Fyrste styre vart *Tomas T. Vaksdal*, *A. O. Sæterdal* og *Tomas J. Jamne*.

Meieriet vart skipa for smørlaging, men noko av mjølki vart seld på staden. Utsalsprisen var 13 øre literen for heilmjølk, 10 øre literen for skuma mjølk og 5 øre literen for kjernemjølk. Noko av smøret vart seld på staden, men storparten av det gjekk til *Bergen*. I dei fyrste åri var smørprisen kr. 1.80 pr. kg.

Laget bygde hus i 1894. Umfram meieridrifti kjøpte det ogso inn kraftfor, kunstgjødsel, margarin o. a. til skifting millom lagsmennene. Laget tok ogso upp arbeidet for kjøp av betre avlsdyr til grendi, og etter tilråding av mylnemeistaren ved Vaksdal mylna, dansken *Aug. Sprensens*, kjøpte laget m. a. ein stor okse frå *Danmark*.

Meieriet tok mot 50—70 000 liter mjølk um året, og lagsmennene fekk frå 8 til 12 øre literen for mjølki, etter som det var lite eller stort sal av mjølk på staden, og etter som det var stor eller liti tilførsla. Det vart etterkvart meire spurnad etter mjølk på sjølve *Vaksdal*, og høndene fann at dei tente betre på å selja mjølki beinveges til folket på staden, enn å senda ho til meieriet. Det kom mindre og mindre mjølk til meieriet for kvart år, i 1905 var inn-